



Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref
IS/mb

Vår ref
23/3321-

Dato
30. oktober 2023

Dokument 8:4 S (2023-2024) - Representantforslag om å bevare søndagen som ein annleisdag

Eg viser til brev 10. oktober 2024 frå Familie- og kulturkomiteen med oversending av representantforslag Dokument 8:4 S (2022-2023) frå stortingsrepresentantene Mímir Kristjánsson, Tobias Drevland Lund og Seher Aydar om å bevare søndagen som ein annleisdag. Komiteen bed om departementets vurdering av forslaget. Representantane fremja følgjande forslag:

1. Stortinget ber regjeringa gjennomgå alle stader som har fått status som «typiske turiststader» og komme tilbake til Stortinget med nye og strengere regler for å oppnå slik status. Reglene skal inneholde en tidsbegrensning for hvor lenge et sted kan ha status som «typisk turiststed» før det må søkes på nytt.
2. Stortinget ber regjeringa sette alle søknader om å få status som «typisk turiststed» i bero til nye kriterier er lagt frem.

I Hurdalsplattforma skriv regjeringa at vi vil halde fast på dagens regelverk for søndagsopne butikkar. Eg meiner det er viktig å behalda søndagen som ein annleisdag, og at færrest mogleg i samfunnet må arbeide søndagar. At søndagsopne butikkar ikkje skal vere hovudregelen i Noreg, har brei støtte, både i handelsnæringa, fagrørsla og i fleirtalet av befolkninga. Utvalet som skreiv NOU 2017: 17 fann at «[p]er august 2017 er det 114 forskrifter som definerer 156 typiske turiststader i 106 kommunar.» Sidan då er nokre forskrifter oppheva og andre kome til. I mitt svar på skriftleg spørsmål 709 frå stortingsrepresentant Aleksander Stokkebø 20. desember 2022 viste eg til 128 forskrifter på Lovdata og konstaterte følgjande: «Gjennomgangen departementet har gjort for å svare på spørsmålet, har avdekt at fleire av forskriftene er overlappande, dvs. at same område har

unntak etter fleire forskrifter. Dette kan skuldast at statsforvaltaren har gløymd å oppheve eldre forskrifter då dei gav ei ny.» For å få oppdatert kunnskap og oversikt over utviklinga, til dømes om det no er fleire heile kommunar som har fått status som typisk turiststad eller om det no er fleire stader som ikkje er avgrensa til sommarsesongen, har departementet no skrivne brev til alle statsforvaltarar for å få bistand med å lage ei oversikt over status og utviklingstrekk.

Eg har hatt møte med Handel og Kontor om desse spørsmåla, og departementet vil i løpet av kort tid også invitere til eit innspelsmøte med arbeidslivet sine partar for å få vurdering av dagens regulering av søndagsopne butikkar og spesielt regulering av typisk turiststad. Eg meiner at det ikkje bør bli for mange typiske turiststader dersom dagens lov skal opplevast reell. Hovudregelen må fortsatt vere at faste utsalsstader som sel varer til forbrukarar, skal halde stengt på søn- og heilagdagar.

Den konkrete regelendringa i representantforslaget sitt forslag nummer 1, er ikkje utgreidd eller tatt stilling til av regjeringa, men i kan vurderast i det vidare arbeidet.

Når det gjeld forslag nummer 2 meiner eg det skal mykje til for å gripe inn i sakshandsaminga til statsforvaltarane eller for å gi føringar utover dei som låg i proposisjonen då føresegna blei vedteke. Eg viser til arbeidet som i desse dagar blir sett i gang med kunnskapsinnhenting frå statsforvaltarane og innspelsmøte med partane. Eg viser også til at Stortinget har lagt den rettslege kompetansen til å vurdere søknader om status som typisk turiststad direkte til statsforvaltarane.

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er elektronisk godkjent